



Støypinga av nytt og seinka golv har vore igang i dag

Endeleg vil branntroppen som har ansvaret for Uskedalen og Herøysund kvitte seg med veteranbilen frå 1972 og få den erstatta med ein tidsmessig vanntankbil. Det skjer både etter stor dugnadsinnsats, velvilje frå sponsorar, ein god porsjon oppfinnsomheit samt velvilje frå kommunen.

Og det må vera grunn til å tru at trugsmålet om nedleggjing av troppen med dette blir lagt på is.



Troppen og andre har gjort ein stor dugnadsinnsats denne veka

Dette er bakgrunnen for det positive prosjektet: Tropfen har lenge vore grundig lei den gamle Land Rover som innebar at tropfen ikkje kunne ha med seg vatn og sette igang sløkkjing umiddelbart. Dei måtte starte ein innsats med å finna ei kjelde.

Kravet om ein ny bil har vakse sterkt med åra og kløktige hovuder fann til slutt fram til ei samarbeidsløysing. Den lanserte dei for brannsjef Grethe Nesheim som umiddelbart sa ja. Løysinga går ut på at dei 9 i tropfen gjev avfall på telefongodtgjersla i inntil 2 år. Det gjev 162 000 kroner i kassa. Sal av gamle bilen kan gje 50 000 kroner og når også kommunen så bidreg til såleiselaget vil dei ha nok kapital til å kjøpa ein bruktbil til mellom 200 000 og 300 000 kroner som har ein vasskapasitet på 2000-3000 liter. Tropfen har fleire bilar i kikkerten utan at det er bestemt noko førebels om kva for ein dei skal satsa på.

Ein tilsynelatande lei kjelke i vegen dukka opp då det viste seg at brannstasjonen var 35 centimeter for låg under taket for vanntankbilen. Arbeidet med å seinka golvet har gått føre seg frå tysdag til i dag denne veka og no i ettermiddag skjer støypinga. Troppleiinga er full av ros både til privatfolk og firma som har synt stor velvilje i denne fasen.

Heretter vil branntropfen vera langt meir slagkraftig når det gjeld å stoppa ein brann så tidleg som mogeleg. Det hadde til dømes vore viktig under grasbrannane i det siste.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen